

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Feltstasjonen, Norsk Bremuseum i Fjærland  
**Dato:** Måndag 07.04.2014  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Vel møtt til det første styremøtet for Jostedalsbreen nasjonalpark 2014!

Vi er så heldige å få besøk av dagleg leiar Ståle Brandshaug frå Visit Sognefjord, som vil fortelje litt om reiselivet sitt forhold og forventningar til nasjonalparken. Vi håper han kan utfordre oss på korleis styret kan bidra til turistane si oppleving av vår flotte nasjonalpark og tilrettelegginga der.

Norsk Bremuseum stiller med lunsj.

Eventuelt forfall må meldast snarast til Maria på telefon eller e-post. Fylkeskommunen har ikkje høve til å stille på møtet, elles har ingen meldt forfall etter av møtevarselet vart sendt ut den 13. mars. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Vel møtt,

Vennleg helsing  
Maria Knagenhjelm  
Nasjonalparkforvaltar



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/14	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/14	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 3/14	Orienteringar		
ST 4/14	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til stimerking mellom Sunndalssetra og til fylkesgrensa mot Oppland		2013/2989
ST 5/14	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til filming med multikopter (drone)		2014/1411
ST 6/14	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til ombygging av Kvannebakkbu		2013/4846
ST 7/14	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til oppsetting av bru i Haugadalen		2014/1463
ST 8/14	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikoptertransport til Kvannebakkbu		2014/1405
ST 9/14	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikoptertransport til Flatbrehytta		2014/1396
ST 10/14	Jostedalsbreen nasjonalpark - midlar til forvaltning og tiltak 2014		2014/1223
RS 1/14	Jostedalsbreen nasjonalpark - kandidat til besøksstrategi		2013/3024
RS 2/14	Miljøvedtaksregisteret og plikt til registrering av enkeltvedtak i verneområder		2014/1040
RS 3/14	Riksrevisjonens undersøking av forvaltninga av nasjonalparkar		2014/1315
RS 4/14	Jostedalsbreen nasjonalpark - rundskriv om forvaltning av verneforskrifter		2014/1141

## **ST 1/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

## **ST 2/14 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll**

## **ST 3/14 Orienteringar**

Orienteringar:

- Pilotprosjektet for besøksforvaltning (sjå vedlegg for søknaden vår)
- Status på forvaltningsplanarbeidet (Sven Flo vil fortelje litt om møta i Stryn).
- Melding til politiet om ulovleg oppsett byggverk i nasjonalparken
- Jostedalsbreen nasjonalpark har fått seg Facebook-side
- Den nasjonale nasjonalparkkonferansen blir først i 2015
- Kor skal vi dra på synfaring; Kamperhamrane, Lundeskaret eller Flatbrehytta i samband med neste styremøte før sommaren?
- Anna

Arkivsaksnr: 2013/2989-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 31.03.2014

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	4/14	07.04.2014

## Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til remerking av stien mellom Sunndalssetra og til fylkesgrensa mot Oppland (mot Ytste Leirvatnet)

### Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev løyve etter verneforskrifta si § IV, punkt 1.3, 4. strekpunkt til å remerke stien mellom Sunndalssetra i Stryn kommune i vest til fylkesgrensa og Breheimen nasjonalpark over Kamperhamrane i aust.

Dersom Breheimen nasjonalparkstyre vurderer at tiltaket har negativ påverknad på villreinen i området om 5-10 år og ønskjer å revurdere om ruta framleis skal vere merka, vil Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kunne trekke dette løyvet tilbake.

Merkinga bør ikkje være på fast fjell, på nyrestaureerte vardar, på gamle, særmerkte tre eller på andre viktige natur- eller kulturminne, og skal elles følgje DNT si merkehandbok.

### Saksopplysningar

#### Søknaden

I søknaden frå DNT Oslo og Omegn v/ Jan Erik Reiten datert 5. juli 2013 har dei søkt både nasjonalparkstyra for Jostedalsbreen og for Breheimen om å merke stien frå Sunndalen i Stryn kommune og austover forbi Ytste Leirvatnet i Skjåk kommune (sjå fig. 1). Saka har teke tid å handsame grunna omsynet til villrein i området, og koordinering av mange interesser i disse fjellområda på begge sider av fylkesgrensa.

DNT Oslo og Omegn vil bruke si eiga merkeinstruks og det står og i søknaden av dei vil lage ein skilt- og informasjonsplan i lag med samarbeidspartnarar slik at det blir ein samanhengande skilting/info heilt frå riksvegen mot Stryn.

Søklarane skriv og i søknaden at dei har dialog med grunneigarar på Sunndalssetra om å nytte eitt av bygga som sjølvbetent turisthytte. På 1960-talet var det ei privat

turisthytte på Sunddalssetra, men det er ikkje nokon open overnattingsplass for ålment besøkande i dag.




Fig. 1: Den gule linja går mellom Sunddalssetra (merka A) og Ytste Leirvatnet (merka B). Den stipla linja på tvers om lag halvvegs på den gule linja er grensa mellom nasjonalparkane og fylka.

## Lovgrunnlag

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta si § IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetting av bygningar, gjerde, (...) bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. I forskrifta sitt punkt 1.2. står det at disse reglane er ikkje til hinder for (tredje strekpunkt) vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt, vegvisarar, og liknande Forvaltningsmyndet kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einstilte område (vår understreking).

Forvaltningsmyndet kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (punkt 1.3, fjerde strekpunkt) merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetting av skilt og vegvisarar. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Handsaming

Bakgrunn (*avsnittet er kopiert frå saksutgreiinga til Breheimen*)

Hausten 2012 kalla Riksantikvaren og DNT ei rekkje partar inn til møte på Hjelle hotell i Oppstryn. Bakgrunnen vart at dei to organa hadde inngått eit samarbeid om eit prosjekt kalla «Historiske vandruter». Meininga med prosjektet er å leggje til rette gamle ferdsselsvegar med merking og informasjon om kulturminne knytt til desse. Som eit av dei fyrste prosjekta har dei prioritert ferdsselsvegen Skjåk –Stryn gjennom Rauddalen og ned Sunndalen. Målgruppa var både fjellturistar og lokalbefolkning. Med dette som bakgrunn søkte DNT Oslo og Omegn om oppattmerking av den gamle T-merka ruta som har lege nede i fleire tiår. Den gamle merkinga syner framleis delvis langs ruta. Strekninga gjeld eksisterande stig mellom Skridulaupbu og Slæom på Øyrom i Rauddalen og vestover langs den gamle ferdavegen over fjellet til Stryn, ned til Sunndalssetra. Stigen går inn i Jostedalsbreen nasjonalpark ved fylkes-/kommunegrensa i Merradalsbotn.

Sekretariata for Jostedalsbreen nasjonalpark og Breheimen nasjonalpark har utveksla informasjon i saka sidan prosjektet vart starta. Konklusjonen var at Breheimen-styret handsama stimerkesaka før Jostedalsbreen-styret, fordi villrein er eitt av verneformåla i Breheimen, og at dei «strengaste» reglane vart teke omsyn til først.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjorde følgjande vedtak i oktober i fjor:  
Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013.

*Handsaming i styret: Innstillinga vart samrøystes vedteke.*

*Vedtak:*

*Vedtak gjeldande stimerking mellom Sunndalen til nasjonalparkgrensa vert handsama av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter at Breheimen nasjonalparkstyre har handsama den i sitt møte i slutten av november 2013. Privatrettslige vilkår må også vere på plass før handsaming i styret.*

Følgjande uttalar har vore innhenta som ein del av kunnskapsgrunnlaget i saka (§ 8):

Ottadalen villreinnemnd:

*Ferdsselsvegen gjennom Sunndalen frå Stryn til Skjåk går gjennom barmarksbeite til villrein i den vestre delen og heilårsbeite for villrein i den austre delen. Både på aust- og vestsida av yste Leirvatnet er det viktige trekkområder. Auka ferdsel i dette området kan ha negative konsekvensar for villrein.*

*DNT-stigen mellom Grotli - Skridulaupbu - Slæom går på delar av traseen. Det går ein sti på heile traseen, men den er nok lite brukt. Det er store avstandar i området noko som naturleg avgrensar bruken. Slik sett er det kanskje lite truleg at ferdsselen vil auke til eit uakseptabelt nivå. Dette kan fort endra seg dersom det blir etablert nye overnattingsbuer i tilknytning til ferdsselsvegen.*

*Villreinnemnda er positive til at den gamle ferdsselsvegen blir gjort kjent, men ynskjer lite tilrettelegging og inngrep i dette området.*

*Vi tilrår tidsbegrensa bruk og marknadsføring av stig til kun juli, august og september.*

Ottadalen villreinutval:

*Ottadalen villreinutvalget ønsker tidsbegrenset (fra og med juni til og med september) bruk og marknadsføring av re-merket sti gjennom Rauddalen mv. Villreinutvalget forutsetter vidare at ingen nye hytter blir oppført i forbindelse med stien.*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre v/sekretariatet har oversendt uttale dei ha innhenta frå Sunndalsætra grunneigarlag:

*På vegne av Sundalsætra grunneierlag, så har ikkje vi noko motforestilling til merking av sti. Etter alt som er gjort med opprusting av sti opp Kamperhamrane og planer om ny DNT hytte på Sundalssætra, ser vi det som svært positivt at stien blir merka på ein god måte.*

Sekretariatet ba også om uttale frå Skjåk Almenning. Allmenningstyraren sa følgjande: *Nasjonalparkforvaltar i Breheimen, Bjørn Dalen, har bede Skjåk Almenning om å gje ei uttale på merking av DNT-rute mellom Øyren i Raudalen til Merradalsbotn. Skjåk Almenning er grunneigar på heile strekka. Det er godt kjent at området vest for Raudalsvatnet er viktig for villreinstamma som held til her. Området fungerer som trekkpassasje mellom dei sørlege og nordlege delane av området, men blir også brukt til beite, særleg i sommarhalvåret. Pr. i dag er det lite ferdsel her, og dagens ferdsel er mest truleg til lita sjenanse for villreinen. Ved merking og retta marknadsføring, og påfølgjande respons, kan aktiviteten i dalen bli markant større. I kor stor grad dette vil verke uheldig på villreinen er uvisst, men ein kjenner frå andre plassar at dette kan vera negativt. Dalen der stigen går er relativt bratt på både sidar, og reinen har lett for å bruke dalbotn både under trekk og beiting. Skjåk Almenning kan under tvil tilrå at ruta blir merka mellom Øyren og Merradalsbotn, men oppfordrar til føre-var prinsippet andsynes villreinen. Skjåk Almenning set krav om at ferdsel, bruk og forstyrring av villrein skal evaluerast grundig kvart 5 år.*

## Vurdering

Følgjande avsnitt er kopi av Breheimen sitt saksframlegg:

### *Villreinen sin områdebruk.*

Eit av dei sentrale verneformåla for Breheimen nasjonalpark er å ta vare på villreinstammen i Ottadalen villreinområde, ref. §2 i verneforksrifta.

Det har vore villrein i området sidan opprettinga av Ottadalen villreinområde i 1965. Tamreindrifta vart da nedlagt og Skjåk Almenning fekk overta den reinen som ikkje vart fanga inn og selt, såkalla «strørein». Denne reinen danna så kjernen for den nye villreinstamma og er i dag ei nasjonal villreinstamme. Frå 1967 vart det jakt på den nye villreinen i området. Når det gjeld historikk på villrein har ein ikkje erfaring lenger enn tilbake til 1967. Medan den gamle DNT-merkinga var intakt var det tamrein i området. 40 år med tamrein gjev likevel ein peikepinn på korleis området blir brukt. Reinen i området brukar i dag fyrst og fremst området om sumaren og hausten. Trekket inn i området i vestre del av Raudalen går over frå Mårådalsbotn og ned i Merradalsbotnen. Den trekker også opp i Tverrbyttede og over til Sekken, området på sørsida av Sekkebreen. Dei delane av traseen det her gjeld ligg såleis i leveområdet til villreinen. Reinen brukar spesielt området vest for Ytste Leirvatnet, men trekker også nedover dalen til deltaområde i vestenden av Heimaste Leirvatnet. Såleis er heile traseen brukt av reinen til beite, mest på seinsumaren m.a. under jakta.

Ferdsla i området er i dag så lita at det har ingen viseleg effekt på villreinen. Det blir jakta i området frå 20. august – 10. september kvart år. Det er spesielt bukken som brukar området. Nesten ingen går heile ruta mellom Skridulaupbu og ned til Folven i Stryn. Liten ferdsel er det og over fjellet til Slæom etter DNTruta. Denne ruta er krevjande sidan ho har ei oppstigning på 800 meter og nedstigning på 700 meter, og samtidig passerer mellom 2 store brekompleks.

Dei to hyttene Skridulaupbu og Slæom er lite brukt. DNT sin overnattingsstatistikk viser dette:

Hytter	2012	2011	2010	2009	2008	2004	2003
Slæom	92	104	98	88	161	240	132
Skridulaupbu	43	30	48	70	26	42	51

Sommaren 2013 hadde Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skaffa midlar og tok ansvaret for den store restaureringa av Kamperhamrane. Dei mange trappetrinna og dei gamle, flotte vardane vart sett i stand og det vart mykje positiv merksemd frå både lokalbefolkning og frå media. Grunneigarane på Sunndalssetra var veldig positive til restaureringa av disse gamle kulturminna.

Saka har vore sendt på høyring hos Ottadalen villreinnemnd og i tillegg Ottadalen villreinutval. Saka vart diskutert på «Villreinmøte Breheimen 2013», og vurdert utifrå villreinrapport NINA Rapport 227-Villreinen i Ottadalsområdet og registreringar i Naturbase, samt kartlegging i samband med regionalplan. Så lenge både villreininteresser (§ 8) og grunneigarar er positive til å merke den gamle ferdselsåra, vurderer vi at tiltaket ikkje vil komme i konflikt med verneføremålet (§ 9). Både punktet i verneføremålet for Jostedalsbreen som gjeld høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv og punktet om å verne kulturminne og kulturlandskap, gjeld i høgste grad tilrettelegging av denne gamle ferdselsvegen. Verneføremålet seier også at vernet gjeld for dyreliv, noko som er grundig vurdert av Breheimen-styret, som vi og seier oss einige i.

Breheimen skal vurdere tiltaket etter 5-10 år. I deira vilkår ligg det krav om det skal reverserast dersom bestandsdynamikken til villreinen endrar seg negativt. Området er lite belasta frå før (§ 10). Ruta går over lange avstandar, noko som dempar den store bruken frå turgåarar. Området er i dag brukt av jegerar og fiskarar, samt enkelte turgåarar. Samla belastning er lita om eksisterande infrastruktur langs ferdselsvegen blir oppretthalden, og at det ikkje blir byggja nye overnattingsstader mellom Sunndalsseter og Skridlaupbu. Generelt er det liten ferdsle i Breheimen nasjonalpark, mens det er litt fleire dagsturbesøkande frå Strynesida, men då går dei som regel opp til Kamperhamrane og nedatt same vegen.

Kostnader ved miljøskade er ikkje relevant i dette tilfellet, anna enn at viss Breheimen-styret konkluderer med at villreinen endrar åtferd eller vert negativt påverka av tiltaket i løpet av 5-10 år, må DNT Oslo og Omegn fjerne merkinga att, også på Jostedalsbresida av turruta (§ 11). Oppmerking skjer etter DNT si norm og gamle vardar langs ruta på Strynesida er nyleg restaurerte av nasjonalparkstyret. Merkinga bør ikkje være på fast fjell, på vardar, på gamle, særmerkte tre eller på andre viktige natur- eller kulturminne (§ 12).

Med bakgrunn i innhenta informasjon frå ulike interesser, grunneigarar og villreinnemnd, samt etter vurdering av dei miljørettslege prinsippa vurderer sekretariatet at søknaden kan etterkomast på nemnde vilkår.

Oppsetting av informasjonsskilt og vegvisarar vil måtte ha særskilt løyve, men styret ønskjer å samarbeide med DNT Oslo og Omegn om ein samla plan.



Arkivsaksnr: 2014/1411-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 31.03.2014

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/14	07.04.2014

## Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til filming med multikopter (drone) i Fjærland

### Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev filmprosjektet i Fjærland v/ Pål Gran Kielland og Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten løyve etter naturmangfoldlova si § 48 til å nytte drone/multikopter til filming inne i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet har følgjande vilkår:

1. Droneflyginga gjeld for inntil 4 dagar i perioden 15. juli til 15. august 2014
2. Droneflyginga gjeld filming i områda Bøyadalen/Bøyabreen, Suphelledalen/Suphellebreen, stien til Flatbrehytta og området kring sjøve Flatbrehytta og Flatbreen.
3. De skal, så langt det er mogeleg, unngå å fly i nærleiken av fugl, turgåarar og turistar.
4. Rasteplassar, utkikkspunkt, Brevasshytta eller andre stader som turistar brukar mykje skal ikkje nyttast som base/landingsplass.
5. Statens naturoppsyn Anne Rudsengen (959 63 888) skal få melding seinast dagen før flyging.

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Søknad om filming med multikopter datert 31.3.2014 frå Norsk Bremuseum og Ulltveit-Moe senter for klimaviten
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994
- Naturmangfoldlova frå 2009

#### Søknaden

Eit filmprosjekt som er eit samarbeid mellom reiselivet i Fjærland og Visit Sognefjord, skal lage ein film for Fjærland. Føremålet med filminga er å syne spennvidda i naturtypane i Fjærland og den ville og vakre naturen som er verna gjennom opprettinga

av nasjonalparken. I den samanheng ynskjer dei å filme med multikopter/drone med kamera inne i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Filmprosjektet ynskjer å filme ved Bøyabrevatnet og Bøyabreen, ved Supphellebreen og i området rundt Flatbrehytta og stien til Flatbrehytta. Dei ser for seg at filminga vil finne stad på dagar med godt ver i perioden 15. juli til 15. august 2014. Det trengs truleg ein dag med filming i Bøyadalen, ein ved Supphellebreen og to dagar på stien til Flatbrehytta og området rundt sjølve hytta.

Drona som skal nyttast er eit multikopter med seks rotorar som vert driven av elektrisitet. Det er ein liten «farkost» som veg 2,4 kg. Multikopteret er støysvakt og utsleppsfritt.

### **Verneforskrift og regelverk**

Lågtflyging med luftfartøy under 300 m over bakken, er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark. I verneforskrifta er det definert ein del føremål som anten har generell dispensasjon til motorferdsle, eller kor forvaltningsstyresmakta kan gje løyve. Flyginga som det her vert søkt om fell ikkje inn under nokon av dei føremåla, og denne søknaden må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 i naturmangfaldlova (nml).

#### *§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)*

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*[...]*

I sakshandsaminga av slike saker må ein først vurdere om denne paragrafen faktisk gjev heimel for å gje eit slikt løyve som det er søkt om. Dersom heimelsgrunnlaget er til stades kan ein so gjere ei fagleg vurdering om ein skal gje løyve eller ikkje.

Bruk av drone treng ikkje løyve frå motorferdsellova (der Sogndal kommune elles ville ha vore mynde). Ei drone er ikkje stor nok til å frakte ein person, og fell derfor utanfor definisjonen som motorferdsellova set for motorferdsel.

### **Vurdering**

Det første ein må vurdere i § 48-saker, er om det faktisk er heimel etter den paragrafen til å gje eit slikt løyve som det er søkt om. For å ha den heimelen, må eit eventuelt løyve oppfylle minst eitt av tre føresetnader som står i § 48. I dei fleste saker er det den første føresetnaden som er aktuell, at tiltaket «*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». For å vurdere dette må vi sjå på verneføremålet i verneforskrifta kapittel III:

*Føremålet med nasjonalparken er:*

- *å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

Vi kan ikkje sjå at bruk av drone i samband med filming kan påverke verneføremålet negativt. Vi kan heller ikkje sjå korleis slik aktivitet i kontrollerte former kan påverke verneverdiar i nemneverdig grad. Vel og merke so lenge ein legg vilkår til eit eventuelt løyve som gjer at tiltaket ikkje øydelegg naturopplevinga til besøkjande i nasjonalparken. Med andre ord er det heimel i § 48 til å gje eit slikt løyve som det er søkt om.

Ein av tankane bak den generelle dispensasjonsheimelen i nml § 48 er å fange opp behov og muligheiter som ikkje var tenkt på når verneforskrifta vart vedteken. Den vart vedteken i 1991, og dette med bruk av dronar har først blitt aktuelt siste åra. Dette er derfor ei typisk «§ 48-sak».

Heimel til å gje løyve betyr ikkje automatisk at eit løyve vert gjeve. Det må gjerast ei fagleg vurdering om ein bør gje eit slikt løyve, og eventuelt på kva vilkår. Ein må vege nytteverdien av tiltaket opp mot eventuelle negative effektar.

Føremålet med tiltaket er å filme landskapet og naturen i Fjærland, inkludert i og rundt det som er med i Jostedalbreen nasjonalpark. Reiselivet skal bruke dette til marknadsføring av Fjærland som reiselivsdestinasjon, og dei tilboda som fins der. Hovudmålet er nok at det skal auke omsetninga for reiseliv og anna lokalt næringsliv, men her vil og vere positive effektar i form auka interesse og auka kunnskap kring nasjonalparken, og meir forståing for vernet.

Bruk av luftfartøy set ikkje spor i terrenget, og er derfor ein skånsam ferdselsform. Men det vil kunne opplevast som eit framandelement i eit urørt naturområde. Kor forstyrrende dette vert oppfatta vil vere avhengig av storleik på farkosten, støynivå, og i kva område flyginga skjer. I denne saka er det snakk om ein liten og støysvak farkost, og flyginga vil gå føre seg i ytterkantane av nasjonalparken. Desse momenta ser vi på som «formildande». So lenge ein unngår å fly i nærleiken av turistar eller turfolk, vil ikkje flyginga tiltrekke seg noko nemneverdig merksemd.

Bruken av dronar til filming, tilsyn og andre føremål er aukande. Sjølv om bruken av drone i kvart enkelt tilfelle ikkje har nemneverdige negative effektar på verneverdiar eller naturmiljø, so kan slik verksemd verte belastande dersom omfanget vert stort. Særleg gjeld dette i urørt natur. Vi bør derfor omtale dette i den nye forvaltningsplanen og sette nokre retningslinjer der for korleis slike saker skal handsamast i framtida.

### **Vurdering av miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12**

Jamfør nml § 7, skal all bruk av offentleg mynde som kan påverke natur og miljø vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12. I § 8 vert det sett krav til at det ligg eit godt kunnskapsgrunnlag bak dei vedtak som vert fatta. Nasjonalt har ein ikkje mykje erfaring med bruk av dronar i nasjonalparkar enno, men ein har lang erfaring med bruk av «vanleg» helikopter. Vi veit at bruk av dronar ikkje gjev inngrep eller skade på terreng eller vegetasjon. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert til å vere godt, og «føre-var-prinsippet» i § 9 kjem ikkje i bruk.

Samla belastning (jf. § 10) er ikkje stor per i dag, då dette med drone i nasjonalparken er eit ganske nytt fenomen, og anna motorferdsel er minimalt. Men samla belastning kan verte ei utfordring i framtida. Dersom bruken av dronar generelt held fram med å auke, so vil det truleg og kome fleire søknader om bruk av dronar i verna natur i

filmaugemed. Det er derfor viktig at vi allereie no legg nokre klare rammer for eventuelle løyve, og ikkje minst at ein omtaler dette i den nye forvaltningsplanen.

Det er ikkje venta at tiltaket kan føre med seg skader på naturmiljøet, og dermed føre med seg krav om oppretting eller miljøerstatning, jf. § 11. Bruk av eit lite luftfartøy er den mest skånsame metoden til å dekke dette føremålet, jf. § 12. I og med at løyveinnehavarane skal unngå å skape merksemd blant turfolk/turistar med dronedeflyginga, vurderer vi det som akseptabelt å ikkje sette som krav at dei unngår fellesferie, helge- og heilagdaggar.

Arkivsaksnr: 2013/4846-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 27.03.2014

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	6/14	07.04.2014

## Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til ombygging av Kvannebakkbu

### Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, i medhald av verneforskrifta sin § IV, punkt 1.3, første strekpunkt, til ombygging av Kvannebakkbu i Jølster kommune, i samsvar med søknad, og på følgjande vilkår:

1. Kledningen skal vere av høg kvalitets furubord, tilsvarande materialet som allereie har vore brukt på resten av hytta.
2. Oppsetting av forsterkarantenne til mobiltelefon på hyttevegg/tak.
3. Alt avfall skal fraktast ned, bortsett frå reint, ubehandla trevirke som kan brennast på staden.
4. Ein kortfatta rapport med bilete skal sendast forvaltninga etter at arbeidet er utført.

Nasjonalparkstyre ser på det som mest hensiktsmessig å framleis nytte parafinovn til oppvarming av Kvannebakkbu.


### Saksopplysningar

Styret for Kvannebakkbu søkte nasjonalparkstyret den 8. november 2013 om løyve til å utvide inngangspartiet til hytta, og samstundes om eit tilskot til tiltaket. Søknaden er grundig og beskriv i detalj korleis dei ønskjer endringa utført:

- Vegg ved inngangsdøra/vernedøra vert flytta fram om lag 50 cm til same linje som langveggen mot sørvest. Endringa vil betre tilhøva i vintermånadene og auke avstanden inn til dør nr. 2 (mindre varmetap innanifrå).
- Ny vernedør vert sett inn (todelt dør for å lett kunne komme inn ved mykje snø) og ny dør innanfor (dør nr. 2).
- Eit lite lett i taket over inngangsdøra for å få nok høgde til døra (løftet blir om lag 30-40 cm i framkant.)

- Taket over inngangen skal fornyast med plank og tettast betre opp mot mønet.
- Vestveggen skal byttast ut med ny plank, den gamle planken kan nyttast til å reparere utedoen.

Endringa av fasaden totalt sett er lita; eit 50 cm dypare inngangsparti og eit lite løft av mønet over døra. Resten av arbeidet er meir naudsynt vedlikehald for å halde hytta i god nok stand for å tåle fleire harde vintrar på høgfjellet.



Styret på Kvannebakkbu ønskjer ei uttale frå forvaltninga om moglegheita for evn montering av vedovn i hytta. Dei ønskjer også ei uttale om dei kan nytte impregnerert kledning eller fortsette med furubord, som er på hytta frå før.

### Lovgrunnlag

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det i § IV, punkt 1.1: *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting av bygningar (...).* I punkt 1.2., første strekpunkt står det: *Reglane er ikkje til hinder for at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast, (...)* Punkt 1.3, første strekpunkt, seier at *Forvaltningsstyresmakta (...)* kan når særlege grunner ligg føre gje løyve til å byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar m.m som nemnd under punkt 1.2. *Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området, (...).*

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Kvannebakkbu er ei lita, ope hytte som ligg like i kanten av sjølve breplataet, over Stardalen i Jølster kommune. Hytta er brunbeisa med planketak, ligg ca. 1500 meter over havet, og har ein viktig funksjon som nødbu i verneområdet. Kvannebakkbu har eit styre, der Jølster Røde Kors, Indre Sunnfjord turlag og nokre privatpersonar har aksjepostar.

Bakgrunnen for søknaden om endring av inngangspartiet er at turgåarar på vinterstid ofte har store utfordringar med å komme seg inn i hytta. Årsaka er at det ofte er fleire cm med rein is utanpå døra, og at turgåarar ofte må bruke lang tid med å nytte øks for å hogge seg gjennom islaget. Dette går sjølvstø utover døra, men er også ei utfordring viss nokon er i akutt behov for ly frå vind og vêr. Jamfør verneforskrifta sitt punkt 1.3 vurderer forvaltninga at lang tids arbeid med øks for å komme inn i ei nødbu, er ein «særleg grunn» for å kunne gje løyve til ombygging av inngangspartiet.

Jamfør verneforskrifta sitt krav til tradisjonell byggjeskikk på staden, vil ikkje endringa på 50 cm og eit lite takløft, vesentleg endre på dette. Vi ser det likevel som eit poeng at Kvannebakkbu nyttar furukledning i ombyggingsprosjektet, slik det har vore nytta på resten av hytta.

Forvaltninga vurderer det som fornuftig og framsynt å framleis nytte parafinovn som oppvarmingskjelde på Kvannebakkbu. Det er mogeleg å lagre denne brenselstypen i lang tid, og ein tank kan også greitt få plass i ein stor tursekk for å fraktast opp til fots. Viss oppvarmingskjelda blir bytta ut med ein vedovn, krev det straks meir motorisert transport og tar også meir plass på hytta (§§ 10 og 12). Andre nødbuer i området som forvaltninga har undersøkt, som t.d. Spørteggbu, «hytta på bandet», og hytta på Steinmannen har oppvarming med parafinovn.

Naturmangfoldlova sine §§ 8-9 og 11 vert ikkje vurdert som relevant i dette tiltaket, då det gjeld ombygging av ei hytte og vil ikkje ha konsekvensar for biologisk mangfald. Jamfør § 12 vil ombygginga gi gode samfunnsmessige resultat.

Søknad om motorisert ferdsle i samband med utbygginga vert handsama som eiga sak.

Arkivsaksnr: 2014/1463-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 28.03.2014

<b>Utval</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	7/14	07.04.2014

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til oppsetting av bru i Haugadalen**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, etter verneforskrifta si § IV, punkt 1.3, 3. strekpunkt, til oppsetting av ei bru langs stien over elva nedanfor Storevatnet i Jølster kommune. Brua skal byggjast av naturleg materiale som malmfuru eller liknande.

Løyvet er gjeve på vilkår om at tiltakshavarane, styret for Kvannebakkbu og Stardalen utviklingslag, har eigarskap og vedlikehaldsansvar for brua, og at rapport vert sendt styret etter at tiltaket er ferdigstilt. Dersom brua mister sin funksjon eller blir øydelagt har tiltakshavarane ansvaret for å fjerne den att.

### **Saksopplysningar**

Styret for Kvannebakkbu v/ Kjetil Flatjord og styret i Stardalen Utviklingslag v/ Jacob Andre Sandal søkte den 26. mars 2014 om løyve til oppsetting av ei bru. Dei ønskjer brua plassert der stien krysser elva som kjem ned frå Storevatnet (sjå fig. 1). Brua er planlagt til å bli om lag tre meter lang.

Den aktuelle stien går mellom Haugadalen i Jølster (ein sidedal til Stardalen) og til Melkevoll i Briksdalen gjennom Oldeskaret. Denne gamle ferdselsåra, og då særskilt strekninga mellom Briksdalen og opp forbi Oldeskaret, er eitt av restaureringsprosjekta som nasjonalparkstyret har planlagt gjennomført sommaren 2014.






Fig.1: Staden der brua er planlagt er markert med ein raud firkant. Den stipla linja forbi brua syner den gamle ferdselsåra mellom Jølster og Stryn.

## Lovgrunnlag

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta si § IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetting av bygningar, gjerde, (...) bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Forvaltningsmyndet kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (punkt 1.3, tredje strekpunkt) bygging av bruer og klopper. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Elva nedanfor Storevatnet kan tidvis bli ganske stor, og turgåarar har ikkje sjeldan utfordringer med å komme seg forbi dette punktet på stien. Når elva blir stor begynner ofte turgåarar å dytte store steinar ut i elva for å kunne ha noko å trakke på, og det har blitt rapportert om at folk då faller i elva grunna ustabile forhold. Vi vurderer det som ugunstig når folk flytter på stein og endrer strukturen langs elva. Då vil ei bru kunne bidra både som ein tryggleiks faktor for friluftslivet, i tillegg til at elva vil kunne renne utan modifisering.

Området frå Haugastøylen har allereie ein god del ferdsel, med hovudvekta sommarstid. Dersom den gamle ferdselsruta til Oldeskaret vert oppgradert i sommar, vil det høgst sannsynleg føre til meir bruk av ruta mellom Stryn og Jølster, og forventningane til trygg ferdsel vil auke.

I 2012 vart det gitt midlar frå nasjonalparkstyret til brua i Oldeskaret, og ei bru i elva nedanfor Storevatnet vurderer vi som eit ledd i heile opprustinga av ferdselsvegen. Bortsett frå tilrettelegginga langs denne gamle ferdselsåra er det inga andre større inngrep i området, om samla belasting vert vurdert som lita (§ 10).

Kunnskapen om området er generelt sett god, og det er ikkje registrert noko spesielt biologisk mangfald som vil kunne vere skadelidande av det omsøkte tiltaket (§ 8 og § 9). Dersom brua treng vedlikehald har styra for Kvannebakkbua og Stardalen Utviklingslag ansvaret for å gjennomføre dette. Dersom brua av eller av ei eller anna

årsak mister sin funksjon eller blir øydelagt, har tiltakshavar også ansvar for å fjerne den (§ 11).

I nasjonalparken ønskjer vi hovudsakleg bruer og anna liknande infrastruktur utforma med naturlege material. Vi ser difor at brua bør byggast av malmfuru eller liknande, og ikkje av impregnert materiale. Brua bør heller ikkje bli større enn absolutt naudsynt, men den skal samtidig byggjast slik at den toler stor belastning og klimapåverknad over lang tid (§ 12).

Arkivsaksnr: 2014/1405-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 25.03.2014

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	8/14	07.04.2014

## Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikoptertransport til Kvannebakkbu og elva over Storevatnet

### Innstilling frå forvaltaren

I medhald av forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt, får styret på Kvannebakkbu v/Kjetil Flatjord løyve til å fly med helikopter til Kvannebakkbu for å frakte inn byggjematerial til utbetring inngangspartiet på Kvannebakkbu. Løyvet inkluderer også eitt hiv med brumaterial til brua over elva frå Storevatnet, med landing der brua skal settast opp.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for inntil tre landingar ved Kvannebakkbu, og for ei landing ved elva der brui skal settast opp nedanfor Storevatnet.
2. Løyvet er gyldig i perioden frå 9. mai til 11. juli 2014. Det skal ikkje flygast på helgedagar og heilagdagar.
3. Helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
4. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området, slik at ein så langt som mogeleg kan unngå å uroe desse.
5. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) skal varslast på førehand kva dagar de vil gjennomføre helikoptertransporten.
6. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1. august 2014 om gjennomført helikoptertransport, og om de observerte spesielle høve under flyginga.

Løyvet gjeld for helikoptertransport jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar må også hugse å innhente løyve frå Jølster kommune og frå grunneigararar.

### Saksopplysningar

Styret for Kvannebakkbu søkte i e-post datert den 22. mars 2014 om løyve til å fly med helikopter til Kvannebakkbu i Jølster kommune. Saka vart også teke opp uformelt på bygdemøte i Stardalen den 20. mars.

I det digitale arkivet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (fulldigitalisert frå 2006) er det berre registrert to tidlegare løyve for motorisert ferdsle til Kvannebakkbu. I 2008 og i 2009 vart det gitt løyve frå Fylkesmannen til snøscooterkjøring med material og utstyr til hytta. Fylkesmannen skreiv i brev av 25.2.2008 i samband med søknad "at det år om anna vil vere behov for transport av materiell til ei hytte som Kvannebakkbu».

I søknaden for helikoptertransporten ønskjer styret for Kvannebakkbu ein romsleg periode for flyginga, frå 9. mai til 11. juli. Det er ofte ustabile vêrforhold i høgjellet, noko alle involverte tar omsyn til i planlegginga av slike aktivitetar.

### **Lovgrunnlag**

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter, klopper mm., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### **Vurdering**

Kvannebakkbu er ei lita, ope hytte som ligg like i kanten av sjølve breplatået, over Stardalen i Jølster kommune. Hytta ligg ca. 1500 meter over havet, og har ein viktig funksjon som nødbu i verneområdet. Kvannebakkbu har eit styre, der m.a. Jølster Røde Kors har ein stor aksjepost.

Å gi høve til naturoppleving gjennom utøving av friluftsliv er ei av føremåla med vernet av nasjonalparken. Saka om utviding av inngangspartiet til Kvannebakkbu (for betre å kunne fungere som nødbu) vart sett i samanheng med dette. Såleis kan også transporten av materialane som skal forbetre hytta, også bidra i dette biletet. Vi ser det som viktig at naudsynt materiell til utvidinga av inngangspartiet og at anna naudsynt utstyr er til stades ettersom ho står open og fungerer som nødbu for alle som treng det.

Kunnskapen om området er generelt sett god, og det er ikkje registrert noko spesielt biologisk mangfald som vil kunne vere skadelidande av det omsøkte tiltaket. Det er ein del friluftsliv i området, og vi vurderer det difor som riktig at den motoriserte ferdsla ikkje bør gå føre seg i helge- eller heilagdagane av omsyn til turgåarar (§ 8 og § 9). Fordi hytta kan varmast opp med parafin har det vore lite trong for motorisert ferdsle med ved til Kvannebakkbu. Parafinen som blir brukt til oppvarming blir som regel båret opp i ryggsekken til dei som held tilsyn med hytta. Det er tilnærma ingen motorisert ferdsle i området i dag, og samla belastning vert vurdert som lita (§10)

Helikopter er det motoriserte framkomstmiddelet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark. Snøscooter som transportmiddel med så store mengde material som dei treng på Kvannebakkbu vert ikkje vurdert som mindre belastande for miljøet, det krev også særskilt gode føreforhold og lav risiko for snøskred. Helikopter er såleis den beste måten for frakt og skapar også færre turar med støy (§11). Det vert vurdert som positivt at dei både kan fly material til hytta og til brua i Haugadalen samstundes (§12).

Erfaringa vår viser at dersom tidsvindauget for helikopterløyvet er for snevert, og vind- og vêrforholda er dårlege, så endar mange løyve som anten ubrukte eller må endrast i ettertid. Vi innstiller difor på ein romsleg flygeperiode, men avgrensa av helge- og heilagdagane, då det er flest menneske som er på tur på fridagane. Sidan helikoptertransport er dyrt, vil truleg omfanget avgrense seg til det som er strengt naudsynt (§12). I tillegg skal dei ansvarlege melde i frå til naturoppsynet før flyging, slik at vi unngår misforståingar. Med ein rapport i ettertid vil styret kunne vite kor mange turar som var naudsynte for transporten.

Arkivsaksnr: 2014/1396-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 31.03.2014

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	9/14	07.04.2014

## Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikoptertransport til Flatbrehytta

### Innstilling frå forvalteran

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, etter verneforskrifta sitt punkt 4.3, andre strekpunkt, til Flatbrehytta v/ André Øygard for motorisert ferdsle med helikopter for å fly proviant og utstyr til Flatbrehytta. Løyvet gjelder på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjelder for inntil 12 turar pr. år i fire år (frå og med 2014 til og med 2017).
2. Løyvet gjeld ikkje flyging i fellesferien, i helg eller på heilagdagar.
3. All motorferdsle skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og skal ha som mål å ikkje uroe dyreliv eller friluftsliv.
4. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (mob.959 63 888) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
5. Nasjonalparkstyret skal ha ein skriftleg rapport om flyginga kvart år innan 1. desember.

Løyvet gjeld for helikoptertransport jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar må også hugse å innhente løyve frå Sogndal kommune og frå grunneigararar.

### Saksopplysninger

I søknaden datert 20. mars 2014 søker Flatbrehytta v/ André Øygard om fornying av helikopterløyve for å fly opp proviant, gass og ved. Dei søker om til saman 12 landingar, det same som tidlegare år.

Flatbrehytta er ei populær og godt besøkt selvbetjent turisthytte for fjell- og brevandrarar, med mange dagsturister og brekurs. Dei to hyttane (steinbua og den nyleg opprusta raude hytta) har til saman 23 sengeplassar. Majoriteten av turgåarane som går «Josten på langs» i mai går innom Flatbrehytta på veg opp eller ned frå breen. Øygard-familien som driv Flatbrehytta har tidlegare hatt løyve til helikoptertransport for

frakt av proviant, ved, utstyr og søppel for periodane 1995-1998, 1998-2003 og 2004-2008, og 2009 -2013, då Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde forvaltningsansvaret for nasjonalparken.

### **Lovgrunnlag**

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter, klopper mm., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### **Vurdering**

Kunnskapen om området er generelt sett god, og det er ikkje registrert noko spesielt biologisk mangfald som vil kunne vere skadelidande av det omsøkte tiltaket. Det er mykje friluftsliv i området (§ 8 og § 9), og vi vurderer det difor som riktig at den motoriserte ferdsle ikkje går føre seg i fellesferien, i helge- eller heilagdagane av omsyn til turgåarar.

Helikopter er det motoriserte framkomstmiddelet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark, og andre driftsmetodar for transport av større mengde proviant og liknande er ikkje mogeleg til Flatbrehytta. Det er ikkje anna motorisert ferdsle i området, og den samla belastinga av støy i området vert såleis vurdert som liten (§10). Sidan helikoptertransport er dyrt, vil truleg omfanget avgrense seg til det som er strengt naudsynt (§12). I tillegg skal dei ansvarlege melde i frå til naturoppsynet før flyging, slik at vi unngår misforståingar. Med ein rapport i ettertid vil styret kunne vite kor mange turar som var naudsynte for transporten og korleis turane fordelte seg over sesongen (§ 8). Naturmangfaldlova si § 11 vert ikkje vurdert som relevant for denne saka.

Flatbrehytta blir 60 år i år, og med den nyleg opprusta stien mellom Øygard og Flatbrehytta som nasjonalparkstyret var ansvarlege for i 2013, kjem det truleg mange menneske til plassen i løpet av sommaren. Med 12 landingar med helikopteret ligg det eit godt grunnlag for mykje friluftsliv og lokal næring på Flatbrehytta sesongen 2014.

Arkivsaksnr: 2014/1223-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 24.03.2014

<b>Utval</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	10/14	07.04.2014

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - midlar til forvaltning og tiltak 2014**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Oversikt over tildelte midlar og forslag til prioritering av tiltak i Jostedalsbreen nasjonalpark vert lagt fram for felles diskusjon i styremøtet.

### **Saksopplysningar**

Dokument i saka:

- Midlar til forvaltning av nasjonalparker og tilhørende verneområder. Brev frå Miljødirektoratet datert 07.03.2014
- Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2014 – 2015
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994

I brevet frå Miljødirektoratet datert den 7. mars 2014 er Jostedalsbreen nasjonalparkstyre tildelt kr. 950 000,- i bestillingsdialogmidlar til tiltak i Jostedalsbreen nasjonalpark. Til arbeidet med forvaltningsplanen fekk styret kr. 100 000,-

Nasjonalparkstyret har fått tildelt kr. 255 000,- som driftsutgifter til utvala. Det inkluderer både møtegodtgjersle, reise- og møteutgifter til styret (og ev arbeidsutvalet), samt reise- og møteutgifter til fagleg rådgjevande utval.

Tiltaksmidlane skal gå til tiltak i tråd med forvaltningsplan og tiltaksplan, og skal gå til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane. Midlane er tildelt på bakgrunn av innmeldte behov frå styret i desember/januar, der styret søkte om kr. 1 415 000,- til tiltak over bestillingsdialogen.

## **Vurdering**

Styret må sette opp prioritering av tiltak i 2014 med utgangspunkt i løyvde midlar. Styret sin allereie vedteke tiltaksplan ligg i botn for diskusjonen og prioriteringa. Detaljert oversikt over tildeling vert lagt fram i styremøte. Forvaltar legg fram saka til diskusjon og fordeling.



**RS 1/14 Jostedalsbreen nasjonalpark - kandidat til besøksstrategi**

**RS 2/14 Miljøvedtaksregisteret og plikt til registrering av enkeltvedtak i verneområder**

**RS 3/14 Riksrevisjonens undersøkning av forvaltninga av nasjonalparker**

**RS 4/14 Jostedalsbreen nasjonalpark - rundskriv om forvaltning av verneforskrifter**